

---

**Fra:** Anne-Kathrine Vabø <Anne-Kathrine.Vabo@hfk.no>  
**Sendt:** tirsdag 16. januar 2018 12.54  
**Til:** Anne-Kathrine Vabø  
**Emne:** Tilskot til utvikling av attraktive senter 2018

Til kommunane i Hordaland

Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Fylkeskommunen inviterer til å søke om tilskot til prosjekt som kan bidra til utvikling av attraktive senter i fylket, og som stør opp om [Regional plan for attraktive senter i Hordaland](#). **Søknadsfrist 15. februar 2018.**

#### **Kva kan støttast?**

- Stadanalysar og mulighetsstudiar som skal auke kunnskapsgrunnlaget for planlegging av gode sentrumsområde
- Medverknadsprosessar utover minstekravet i PBL, for involvering av ulike grupper i sentrumsutviklinga
- Bygging av mindre pilotprosjekt og mellombelse byrom som kan skape aktivitet her og no

Vi oppmodar om å utvikle prosjekt med overføringsverdi. Normalt støttenivå er 50 000 – 150 000 kr.

#### **Krav til søknaden**

Prosjektet det vert søkt om tilskot til kan ikkje fullfinansierast av Hordaland fylkeskommune. Søknaden føreset kommunal og eventuelt anna finansiering i minst tilsvarande storleik som det søkast om. Det vert lagt vekt på god framdrift og politisk forankring lokalt. Delar av kommunen sitt bidrag kan vere i form av eigeninnsats..

Søknadar skal registrerast på [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no), bruk støtteordninga "Tilskot til utvikling av attraktive senter". Tilskotsmidlane må brukast og rapporterast i 2018. Det er avgrensa midlar til utdeling.

#### **Meir info og spørsmål**

<https://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/kommunal-planlegging/tilskot/>  
Kontaktperson: Anne-Kathrine Vabø, tf.: 957 01 145, e-post: [anne-kathrine.vabo@hfk.no](mailto:anne-kathrine.vabo@hfk.no)

Beste helsing

**Anne-Kathrine Vabø**  
Spesialrådgjevar | arkitekt  
Regionalavdelinga | Planseksjonen



telefon: 957 01 145  
e-post: [anne-kathrine.vabo@hfk.no](mailto:anne-kathrine.vabo@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)